

Innkalling

Studieprogramråd for barnevern, campus Sogndal

Møtedato: 15.03.19

kl. 10- 13

Møterom: Stort møterom på Foss

Deltakrar:

Tone Jørgensen- fagleg representant (vara)
Berit Marie Njøs- fagleg representant
Hege Sundt- fagleg representant
Kari Bergset - fagleg representant (vara)
Carl Jakob Lis Sterner- studentrepresentant 1.klasse
Oda Løbach Jørgensen- 1. klasse
Hermann Bøe- studentrepresentant 2.klasse
Celin Stordahl- studentrepresentant 3.klasse
Hadle Blikra- Sogn barnevern
Grethe Karin Hoviosen- USN
Sandrina Sandell- Løvetannsakademiet
Cecilie Taule Løvlid- rådgiver (mellombels)
Bergljot Sundfjør- studieveileder FHS (referent)

Forfall:

Marita Brekke Skjelvan- fagseksjonsleiar
Kari Bergset- fagleg representant (vara)
Grethe Karin Hoviosen- USN

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste		Innkalling og sakliste skal godkjennast med eventuelle kommentarar.	Fagseksjonsleiar	2 min
Referat: <ul style="list-style-type: none"> • Sak 4 som ikkje vart tatt med i innkallinga, blei satt på saklista • Innkalling og sakliste vart so godkjent • Grethe Karin Hoviosen har meldt at ho ikkje kan vere ekstern representant, og ny representant må meldast opp • Vara for alle dei tre eksterne representantane må og meldast opp 				
2/19 Etablering av Studieprogramråd	Vedlegg: Studieprogramråd ved FHS	Gjennomgang av mandat for Studieprogramrådet. Medlemar presenterer seg og seier noko om forventningar til arbeidet til Studieprogramrådet.	Fagseksjonsleiar innleiar og orienterer	10 min
Referat: <ul style="list-style-type: none"> • Leiar gjekk gjennom mandatet for studieprogramrådet. Kvart medlem presenterte seg. • Følgjande er kva medlemane ønsker at studieprogramrådet skal vere/ kva som er viktig: <ul style="list-style-type: none"> - Særskilt første punkt i mandatet blei løfta fram: <i>kvalitetsutvikling av studieprogramma slik at desse held høg kvalitet og relevans, har god rekruttering og gjennomstrøyming og tilfredstiller forskrifter og rammeplanar</i> - Knytte praksisfeltet opp mot høgskulen - Få brukarperspektivet inn i planarbeidet - Vere obs på stammespråk- bruke eit klart og tydeleg språk som alle forstår - Fagleg forum - Arbeide for å utvikle det gode læringsmiljøet på studiet/ skape ein god læringsarena - Utdanninga må vere fagleg oppdatert i forhold til endringar i samfunnet - Få med det viktige blikket utan i frå, sjå heilskapen - Halde fagleg fokus, ikkje drukne i byråkratispråk 				
3/19 Gjennomgang av Rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanning	Vedlegg: <ul style="list-style-type: none"> • Rammeverket • Kvalitetshåndboken 	Gjennomgang av rammeverket <ul style="list-style-type: none"> • Kvalitet i emne • Kvalitet i Studieprogram • Kvalitet i studieportefølje 	Cecilie Taule Løvlid orienterer	15 min
Referat: <ul style="list-style-type: none"> • Cecilie orienterte om kvalitetssystemet ved HVL. Sjå vedlagt PP 				



Vedlegg til 3-19.pdf

4/19 Fastsette oppfølgingsform for studieprogrammet for våren 2019	Vedlegg: Oppfølgingsform for emner og ekstern sensur våren 2019	Plan for kva emne som skal vurderast og kva emne som skal ha ekstern sensur vert presentert. Studieprogramrådet vert invitert til å gje innspel til val av oppfølgingsform for våren 2019	Fagseksjonsleiar presenterer framlegg og innleier til diskusjon	30 min
---	--	---	---	--------

Referat:

Leiar presenterte val av oppfølgingsform for studieprogramrådet. Gruppa kom fram til følgjande:

Midtevaluering – klassemøte

- Det skal organiserast møte med heile klassen med emneansvarleg til stades
- I forkant av møtet skal ei anonym undersøking sendast ut
- Undersøkinga skal vere utgangspunkt for klassemøtet



Sluttevaluering – Dialogmøte:

- Det vert arrangert eit dialogmøte på slutten av kvart semester, der emna som er lagt til semesteret skal evaluerast.
- Emneansvarleg, faglærarar og fagseksjonsleiar deltek i dialogmøtet

5/19 Arbeid med ny studieplan og revisjon av studieprogram og emneplanar for studieåret 2019-2020)		Status på arbeid med ny studieplan som skal gjelde frå 2020 Informasjon og status på revisjon av studieplan for studieåret 2019-2020. Studieprogramrådet inviterast til å gje innspel til studieprogram og emne.	Fagseksjonsleiar presenterer status for revideringsarbeidet	10 min
---	--	---	---	--------

Referat:

- Revisjon av studieplan/ emneplanar for neste studieår er avslutta. Det blei ikkje tid til å gå inn på dette punktet.
- Leiar informerte om arbeidet med ny studieplan som skal gjelde frå 2020. På sosialt arbeid -og vernepleieutdanningane arbeidast det no med felles studieplanar på tvers av campusane. Dette er eit stor og krevjande arbeid som og får følgjer for barnevernsutdanninga.
- Arbeidet med ny studieplan for barnevern er godt i gang. Arbeidet tek utgangspunkt i dei nasjonale rammene og retningslinjene for utdanningen når dei lokale læringsutbyttebeskrivingane no blir utforma. Frist for å ferdigstille studieplansarbeidet er 1. juli 2019.

<ul style="list-style-type: none"> • Tilbakemelding frå NOKUT-tilsyn: Det barnevernsfaglege i utdanninga er for lite synleg. Dette tas no omsyn til i studieplanarbeidet. • Leiar av møtet spurte kva som er særst viktig at ein barnevernsfagleg kan etter fullført utdanning: <ul style="list-style-type: none"> - Ha god juridisk kompetanse - Ha gode relasjonelle ferdigheiter - Ha opparbeida høg grad av sjølvrefleksjon- kjenne deg sjølv og vite korleis du framstår - Ha god sjølvinnsett i eget verdigrunnlag og væremåte, og kunne reflektere rundt rolla som profesjonell yrkeutøvar - Tørre/ klare å utfordre etablert erfaringskunnskap 				
6/19 Studiebarometeret 2018	Vedlegg: Informasjon og oppfølging i FHS  SB Bachelor i Barnevern Sogndal :	Studieprogramrådet vert bedne om å gje innspel til vidare oppfølging av Studiebarometeret	Fagseksjonsleiar innleiar og orienterer	20 min
Referat: <ul style="list-style-type: none"> • Leiar informerte om resultatane frå Studiebarometeret og la fram ein tiltaksplan som syner korleis utdanninga vil følge opp resultatane (sjå vedlagt plan). • Det enkeltspørsmålet barnevern skårar dårlegast på er: «Diskutere faglege problemstillingar med fagleg tilsette» • Som resultat av dette vil utdanninga dele studentar opp i <i>basisgrupper</i> der ein fast fagleg tilsett følger gruppa tett • Utdanningsamtaler er eit allereie eksisterande tilbod, eit tilbod som studentane nyttar seg lite av. Studentane skal få betre informasjon om dette tilbodet.  Sak 6 Tiltaksplan (2).pdf				
7/19 Orienteringer	Organisasjonskart for råd og utvalg Utdanningsutvalet FHS	<ul style="list-style-type: none"> • Administrativ struktur i FHS, og ulike råd og utval i fakultetet/instituttet og fagseksjonen • Studentane orienterer om studentråd og tillitsvalarbeid i FHS 	Cecilie Taule Løvlid orienterer Fagseksjonsleiar orienterer	10 min
Referat	<ul style="list-style-type: none"> • Cecilie orienterte om administrativ struktur og ulike råd og utval 			
8/19 Eventuelt		Dato for neste møte?		5 min

Referat: <ul style="list-style-type: none">• Dato for neste møte blei ikkje satt, men møtedag i veke 38 blei foreslått• Forslag til førebuing til neste møte:<ul style="list-style-type: none">- Eige informasjonsmøte med studentrepresentantane i forkant av møtet (dersom nye representantar), og/ eller sende ut et kortfattelig notat saman med innkallinga som syner kva som er mandatet til studieprogramråda.- Viktig med enkelt og klart språk i innkalling og vedlegg- ikkje «stammespråk».- Dersom det i studieprogramrådet er ønskeleg med svar på konkrete, førehandsbestemte spørsmål er det viktig at desse blir utheva i innkallinga/ sakslista slik at medlemane kan førebu seg.				

Sak 2/19 Etablering av Studieprogramråd



Høgskulen
på Vestlandet

Oppretting av studieprogramråd ved FHS

18.01.2019 Notat frå prodekan utdanning Anne-Grethe Naustdal

Leiargruppa ved FHS har no gjort vedtak om kva studieprogramråd FHS skal ha frå 2019.

Det fyrste framlegget til studieprogramråd ved FHS er revidert i høve dei innspel som kom frå fagseksjonsleiarane.

Endringane frå fyrste forslag er at det vert eit studieprogramråd for kvar av sjukepleieutdanningane i Bergen (heiltid og desentralisert deltid). Jordmord og helsesjukepleiar er oppdelt i kvart sitt studieprogramråd og det same er master i Klinisk helse- og omsorgsvitskap og master i Samhandling. FHS får med dette 21 studieprogramråd. Studieprogramråda vil bli endra etter kvart som vi utviklar og samkjører studieprogramma våre.

Kvalitetshandboka er publisert og mandat fog samansetjing av råda inklusiv årshjul for kva saker som bør behandlast når, finn ein her: <https://www.hvl.no/om/kvalitet-i-utdanningane/kvalitet-i-studieprogram/>

Det vert no utarbeidd ei oversikt over leiing og administrasjon knytt til kvar av studieprogramråda. Her vil det måtte bli justeringar etter kvart som vi får på plass heile administrasjonen (er ledige stillingar).

Studieprogramråd ved Fakultet for helse- og sosialvitskap

Institutt for helse og funksjon

- A. Studieprogramråd for bachelor i Ergoterapi
- B. Studieprogramråd for bachelor i Fysioterapi
- C. Studieprogramråd for bachelor i Radiografi
- D. Studieprogramråd for master i Klinisk fysioterapi
- E. Studieprogramråd for master i Healthy Ageing and Rehabilitation

Institutt for helse - og omsorgsvitskap

- F. Studieprogramråd for bachelor i Sjukepleie heiltid, Bergen (ut 2021)
- G. Studieprogramråd for bachelor i sjukepleie, deltid, bergen (ut 2021)
- H. Studieprogramråd for bachelor i Sjukepleie, Førde (ut 2021)
- I. Studieprogramråd for bachelor i Sjukepleie, Haugesund og Stord (ut 2021)
- J. Studieprogramråd/referansegruppe for ny sjukepleieutdanning frå 2020
- K. Studieprogramråd for master i Jordmorfag
- L. Studieprogramråd for Helsesjukepleie (helsesøster)

- M. Studieprogramråd for master i Klinisk sjukepleie
- N. Studieprogramråd for master i Klinisk helse- og omsorgsvitenskap
- O. Studieprogramråd for master i Samhandling innan helse- og sosialtenester

Institutt for velferd og deltaking

- P. Studieprogramråd for bachelor i Barnevern
- Q. Studieprogramråd for bachelor i Sosialt arbeid
- R. Studieprogramråd for bachelor i Vernepleie*
- S. Studieprogramråd for master i Samfunnsarbeid
- T. Studieprogramråd for master i Psykisk helse- og rusarbeid og tverrfagleg vidareutdanning i Psykisk helsearbeid og vidareutdanning i Rusproblematikk og rusarbeid (her vert fagseksjonar ved to institutt involvert)

Senter for kunnskapsbasert praksis

- U. Studieprogramråd for master i kunnskapsbasert praksis i helsefag

Representantar frå referansegruppene som jobbar med nye studieplaner for bachelorstudiane vidareførast til studieprogramråd der det er mogleg.

Vidareutdanningar som byggjer på ein bachelorgrad og er ein del av ordinær studieportefølje (unntak for betalingsstudiar), knytast opp til studieprogramråd innan tilhøyrande fagseksjon for master/EVU.

Oversikten over etter- og vidareutdanningar pr.d.d. ligg her:

<https://www.hvl.no/studier/studieprogram/etter-og-vidareutdanning/?filters=HelseOgS>

